

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 800 tilsette og 16 000 studentar fordelt på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialfag, ingeniør- og økonomifag, lærarutdanning og samfunnsfag. HVL tilbyr ulike årsstudium og bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar.

HVL skal vere tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har ambisjonar om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

## Førsteamanuensis / førstelektor / høgskulelektor i datafag - prosjektstilling Førde, 1 år

Høgskulen på Vestlandet søker førsteamanuensis/ førstelektor/ høgskulelektor i datafag til 100% prosjektstilling i Førde. Prosjektstart er 1. august 2018. Stillinga er knytt til Institutt for data- og realfag ved Fakultet for ingeniør og naturvitskap (FIN). Prosjektstillinga kan bli forlenga med inntil eitt år. Ved eventuell vidare forlenging av prosjektet vil det verte lyst ut faste stillingar

Institutt for data- og realfag har om lag 40 fast tilsette i Bergen, Førde og Haugesund. Instituttet har ansvar for bachelorutdanning i datafag i Bergen, bachelorutdanning i informasjonsteknologi i Bergen og Førde, mastergrad i programvareutvikling i Bergen og PhD-grad i datateknologi i Bergen. Vidare har instituttet ansvar for undervisning i matematikk, fysikk og statistikk på ingeniørutdanningane ved FIN.

### Ansvars- og arbeidsområde

Stillinga er knytt til oppretting av bachelorutdanning i informasjonsteknologi i Førde. Arbeidsoppgåvene vil vere undervisning, rettleiing, vurdering og oppfølging av studentar innan datafagleg utdanning.

Den som vert tilsett i stillinga må kunne undervise kurs i grunnleggjande programmering (for tida Java), algoritmar og databasar i første studieår i bachelorutdanninga.

I tillegg vil det vere aktuelt å undervise i andre emner som t.d. matematikk og prosjektstyring. Ved ei eventuell forlenging av stillinga vert det aktuelt å undervise i emner på andre studieår.

Ein vesentleg del av arbeidet vil også vere å koordinere studiet i Førde, sørge for godt samarbeid med dei som underviser på tilsvarende studium i Bergen, involvere lokale bedrifter i undervisninga og sørge for god dialog med studentane i Førde angående studieadministrative saker.

### Kvalifikasjonskrav

For stillinga er det krav om mastergrad i informatikk/datafag eller tilsvarende.

For tilsetjing som førsteamanuensis er det i tillegg krav om relevant doktorgrad.

For tilsetjing som førstelektor er det krav om dokumentert relevant kompetanse på nivå med doktorgrad.

Aktuelle kandidatar må ha brei erfaring med programmering i Java, datamodellering og programmering mot databasar. Det er i tillegg krav om at kvalifiserte søkjarar må ha relevant undervisningserfaring frå vidaregåande skule eller høgare utdanning, formell utdanning i pedagogikk og/eller anna relevant undervisningserfaring (til dømes frå kursverksemd).

I tillegg til formell kompetanse og relevant arbeids- og undervisningserfaring vil kjennskap til næringslivet i Sogn og Fjordane og evne til å arbeide sjølvstendig verte lagt vekt på.

Undervisningsspråket er norsk, og det er ein føresetnad at den som blir tilsett kan undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk.

Vi søker etter ein engasjert medarbeidar som er sjølvstendig, har innsatsvilje og gode kommunikasjons- og samarbeidsevner.

Aktuelle kandidatar kan bli bedne om å halde ei førelesing i tillegg til intervju.

### Søk på stillinga

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk denne stillinga»" på denne sida.

Som vedlegg til søknaden må søkjarar også laste opp attestar og vitnemål. Søknaden må også innehalde vedlegg som dokumenterer pedagogiske kvalifikasjonar. Dersom vitnemål, karakterutskriftar eller anna dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv laste opp attesterte omsettingar.

Vi gjer merksam på at søknader blir vurderte med den informasjonen som ligg føre i Jobbnorge når søknadsfristen går ut. Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at all informasjon er lagt inn innan fristen. Søknader kan ikkje sendast på e-post til enkeltpersoner ved høgskulen.

### Lønnsvilkår

Førsteamanuensis vert løna etter Statens regulativ, stillingskode 1011.

Førstelektor vert løna etter Statens regulativ, stillingskode 1198.

Høgskulelektor vert løna etter Statens regulativ kode 1008.

Høgskulen har tenestepensjonsordning og det vert trekt lovfesta innskot til Statens pensjonskasse.

**Generell informasjon**

Den som vert tilsett må rette seg etter dei lover, forskrifter, instruksar og avtaler som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i folket. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetting og rekruttere personar med ulik nasjonal- eller etnisk bakgrunn.

Opplysingar om søkjar kan bli gjort offentleg sjølv om søkjar ber om ikkje å bli ført opp på søkjarlista. Dersom førespurnaden ikkje blir tatt til følgje, vil søkjar bli varsla om dette.

Høgskulen på Vestlandet er ei I/A-bedrift.

[Heimeside](#)

**Kontaktpersoner:**

1. Instituttleiar Kristin F. Hetland, tlf: 988 31 111, e-post: kristin.hetland@hvl.no
2. Førsteamanuensis Pål Ellingsen, tlf: 55 58 76 02, e-post: pal.ellingsen@hvl.no

Jobbnorge-ID: 148945, Søknadsfrist: Avsluttet